



Åshild Ulstrup frå Valen er kjend frå media og NRK med sine program som ofte gjekk over mange år.

**Åshild Ulstrup, journalist, forfatter, radiomedarbeidar og føredragshaldar, kjem til møte i Kvinnherad Senioruniversitet torsdag 12. mars. Ho vil ta for seg Sunnhordlendingen slik han er, sett frå hennar ståstad. Tittelen hennar er: Sunnhordlendingen i mitt hjarta.**

Ulstrup er særleg kjend for personlege intervju i NRK gjennom 40 år, mellom anna i radioprogramma Sånn er livet, På livet laus og Middagsstunden. Ulstrup har òg gjeve ut fleire dokumentar- og intervjubøker.

Ulstrup vaks opp på Valen i Kvinnherad. For over 60 år sidan reiste Åshild Ulstrup frå heimbygda; sidan har Oslo vore heimstaden hennar. I 2015 kom boka Om Galskap og eventyr - ei reise tilbake til barndommen. I boka går Ulstrup tilbake til ein uvanleg barndom i ei bygd med eit mangfald av liv og lagnader, landskap og opne dører. Ho som sjølv gjennom eit langt journalistliv har fått både gamle og unge i tale, fått dei til å opne seg, snakke om livet, om draumar og håp, fortel her om sin eigen oppvekst.

Vi ser fram til eit triveleg møte i Kulturhuset på Husnes med ein framifrå kåsør. Det vert som vanleg på senioruniversitetet sine møte, noko å bite i og kaffi etter føredraget.

Møta i Senioruniversitetet er opne for alle interesserte som har høve til å delta på arrangement midt på dagen.

Vel møtt!

Tekst/foto: Pressemelding  
Nett: Kristian Bringedal